

## Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

### **KIRKEN er for tiden under ombygging!**

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smitterens hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

### **SAMTALER OG SJELESORG**

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### **SØNDAGSHILSEN PÅ NETT**

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «prestetjenester»



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

27. juni 2021

## 5. søndag i treeiningstida

**Tema: Å bygge huset på fjell**



Adobe Stock | #437687758

Pixaby.com

**Det er for tiden ikke gudstjenester  
i sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Du finner gudstjenester og andre  
livssynsprogram på [www.kirken.no](http://www.kirken.no)**

## 5. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Matt 7, 21-29

21 Ikkje alle som seier til meg: 'Herre, Herre!' skal koma inn i himmelriket, men den som gjer det Far min i himmelen vil. 22 Mange skal seia til meg på den dagen: 'Herre, Herre! Har vi ikkje tala profetord i ditt namn, drive ut vonde ånder i ditt namn og gjort mange mektige gjerningar i ditt namn?' 23 Då skal eg seia det beint ut: 'Eg har aldri kjent dykk. Gå bort frå meg, de som gjer urett!' 24 Den som høyrer desse orda mine og gjer det dei seier, liknar ein klok mann som bygde huset sitt på fjell. 25 Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell.

26 Men den som høyrer desse orda mine og ikkje gjer det dei seier, liknar ein uforstandig mann som bygde huset sitt på sand. 27 Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Då fall det, og fallet var stort.»

28 Då Jesus hadde fullført denne talen, var folket fulle av undring over læra hans. 29 For han lærte dei med myndig tale og ikkje som deira skriftlærde.



## Sikker grunn

Kva er det som gjorde at folk høyrde på Jesus? Kva var det som gjorde at han underviste med mynde og traff folk på ein heilt annan måte enn dei skriftlærde? Som her i Bergpreika?

Kanskje var det fordi Jesu' liv og lære hang i hop? Jesus formidla kjærleiken og sto støtt på den. Jesus er kjærleiken i eigen person. Paulus seier det slik (1 Kor 13):

- 1 Om eg talar med mennesketunger og engletunger, men ikkje har kjærleik, då er eg ein ljomande malm eller ei klingande bjølle.
- 2 Om eg har profetisk gåve og kjenner alle løyndomar og eig all kunnskap, og om eg har all tru så eg kan flytta fjell, men ikkje har kjærleik, då er eg ingen ting.
- 3 Om eg gjev alt eg eig til mat for dei fattige, ja, om eg gjev meg sjølv til å brennast, men ikkje har kjærleik, då har eg ingen ting vunne.

Noko anna enn kjærleik er ikkje verdt å bygge livet sitt på. Noko anna held ikkje. «Don't build your house on sinking sand» song vi i min barndom. Jesus er «solid rock».

Det er ikkje orda vi seier, det kjem an på, men innstillinga vi har; tilliten til Jesus og kjærleiken. Ofte kjem vi til kort i å spegle denne kjærleiken, men Jesus reiser oss opp igjen gong på gong. «For i han er det vi lever og rører oss og er til». (Apg 17, 28). La oss kvile i det!

God søndag!

Beste helsing Kristin Løddøen Hope

sjukehusprest